

# Ålesund Venstre sitt valprogram 2019-2023

## Nye moglegheiter

Vi har tru på kvart einskild menneske. Vi vil at alle skal ha høve til bruke sine evner til det beste for seg sjølv, sine medmenneske og livsgrunnlaget til våre etterkomarar. Venstre ønskjer eit samfunn med mangfald, der tilhøvet mellom menneske bygg på toleranse og respekt for kvarandre, for miljøet og naturen sine grenser.

Venstre ønskjer eit attraktivt Ålesund i utvikling . Når den nye kommunen vert etablert får vi høve til heilskapleg planlegging og å finne nye løysingar på oppgåver i heile kommunen. Ei heilskapleg planlegging i den store kommunen vår, men og på tvers av kommunegrenser, som ser større område i samanheng, er viktig for å få til ei meir samordna og heilskapleg areal- og transportplanlegging i samsvar med nasjonale behov og statlege planretningsliner. I tillegg må vi og halde fram samarbeid på ulike område med dei andre kommunane i regionen. I dette arbeidet er Venstre sitt mål å forvalte ressursane og goda effektivt.

Venstre ønskjer at den nye kommunen skal legge FN sine berekraftmål til grunn i all si planlegging og sitt arbeid. Og vi vil la berekraftmål 17 : Samarbeid for å nå måla, vere biletet på korleis vi vil arbeide. For å lukkast med berekraftmåla treng vi nye og sterke partnerskap. Myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunnet må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling.

Kommunereforma har gitt politikarane eit godt høve til å skape ein ny versjon av kommune-Norge. Fem kommunar skal bli til ei stor og framtidsretta kommune – det inneber at vi skal bygge ei ny kommune. Samanslåingsprosessen vil halde fram etter 2020. Rettesnora er lagt gjennom intensjonsavtalen. Bygging av ein ny og framtidsretta kommune skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad.

Kommunen skal ha nynorsk som målform i tråd med reglar for målbruk.

Venstre vil ha eit levande folkestyre med openheit og innsyn i avgjerdene som vert tatt og med fleire oppgåver og meir avgjerdsmynde til kommunane.

Ved sidan av fridom er rettferd vår styrestjerne. I Ålesund går Venstre til val på eit framtidsretta program som handlar om både fornying og bevaring. Vi skal ta vare på og forvalte dei naturgitte gåvene, men og det som er skapt av menneske før oss, med tru på framtida. Å vise respekt for denne arven gjer vi best ved å ta i bruk dei moglegheitene som opnar seg i åra framover. Dette kallar vi å ta vare på framtida.

Venstre vil mykje, men det viktigaste er: At dei grunnleggjande tenestene fungerer; at skulen er god og eldreomsorga verdig, at vanskelegstilte og andre som treng det får hjelp, at teknisk sektor leverer som den skal og at kommunen skal vere ein god arbeidsgjevar. At vi utviklar Ålesund til ein attraktiv og samfunnsøkonomisk kommune, gjennom å ha politisk mot til å tenke langsiktig når vi vel løysingar. Samfunnsplanlegginga skal ta utfordringane vi har innan miljø og klima på største alvor. Med dette til grunn vil Ålesund Venstre arbeide for at utviklinga skal innehalde eit større tidsperspektiv enn ei 4 års valperiode. Slik må større utviklingsarbeid innan utbygging og samferdsel, legge til grunn nasjonale og internasjonale forpliktingar- frasa om å tenke globalt men handle lokalt har aldri vore så gjeldande enn i dag. Paris-avtalen forpliktar alle forvaltningsnivå i Noreg til å handle mot å bli eit lavutsleppsamfunn innan 2050-Vi i Ålesund Venstre meiner at dette er eit mål som bør vere førande for alt arbeid i den nye kommunen.

Vi, som eit lokalt samfunn i utvikling, må ta vårt ansvar for å etablere ei grøn og moderne kommune gjennom nye løysningar og nye idear.

Ålesund Venstre vil derfor arbeide for styrke den overordna samfunnsplanlegginga-der Ålesund skal utvikle framtidsetta løysningar som er heilskaplege og heng saman i det store bildet men også i det små. Slik vil vi utnytte moglegheiter innan renovasjon, smart samferdselplanlegging, utvikling av grendesamfunn og bykjerne- til å etablere ein moderne kommune med løysningar for framtida.

### **1.1 Ta vare på naturen og berekraftig utnytting av ressursane**

Venstre vil legge omsynet til miljø og klima til grunn i landbrukspolitikken. Ålesund kommune er ein av dei største landbrukskommunane på Nord-Vestlandet. Venstre ønskjer å bruke meir av det eksisterande og framtidige urbane arealet til matproduksjon. Nærproduksjon av mat er med på å gjere det fysiske og sosiale bymiljøet betre. Parsellhagar, plenar, rivningstomter og tak er eksempel på område som kan brukast til små lokale dyrkingsareal i kortare eller lengre periodar, og grå og grønne byrom får nytt liv med matvekstar. Klimaendringar og andre faktorar kan gi dramatiske endringar i føresetnadane for jordbruk. Venstre meiner difor det er eit sjølvstendig poeng å sikre vern av god matjord, sjølv om den ikkje er i bruk.

Kartlegging av artsmangfaldet er viktig for å forstå kva utfordringar vi står over for. Frivillige lag og organisasjonar gjer viktig arbeid for å identifisere og spreie kunnskap om sårbare artar, og Venstre ønskjer å legge til rette for meir av dette, til dømes gjennom av kommunalt viltfond og støtte til kartleggingsaksjonar.

Å opprette ein arealregnskap vil bidra til å synleggjere utviklinga for ulike naturtypar og landskap i kommunen, og korleis utvikling av kommunen innverkar på desse. Å utarbeide ein arealrekneskap er og eit reiskap i planleggingsarbeidet.

Kulturlandskap og matjord er viktige verdiar som Venstre ønskjer å bevare, av omsyn til matproduksjon for framtidige innbyggjarar, artsmangfald og den visuelle opplevinga av ope landskap.

Jordbruk og jordvern

- Sikre jordvern for matproduksjon
- Tilrettelegge område for dyrking av eigen mat
- Kolonihage / Urbant jordbruk
- Aktiv oppfølging av driveplikt i jordbruket. Gjennomføre kartlegging av jordbruksareal og informere eigarar om driveplikta.
- Sette jordflytting som føresetnad i reguleringsplanar der større jordbruksareal vert omdisponert.

Ta vare på det biologiske mangfaldet ved ei kommunal kartlegging av dyreartar: Betre kartlegging av dyreartar og naturtypar i kommunen, også under vatn, er viktig for å unngå at naturmangfald blir øydelagt når kommunen opnar opp for bygging i nye områder.

Strandsoneutfordringane i den nye kommunen vil vere ulike. Særleg attraktive strand- og kystområde må bevarast gjennom ein langsiktig strandsonepolitikk som varetek allemannsretten og sikrar naturverdiane.

Vi vil arbeide for

- å betre tilgangen til gode friluftsopplevingar gjennom tilrettelegging av turområde, turstigar og sikring av tilgang til strandsona.
- Styrke folkehelsearbeidet ved gjennomføring av friluftslivstiltak.
- Sikre at kommunen alltid bygg i tråd med prinsippa for grøn by- og stadutvikling.

### **Vern av det maritime økosystemet.**

Mørøkysten med bankane utanfor er eit av verdas mest produktive havområde for reproduksjon av viktige fiskeartar som torsk, sei, sild og hyse.

Hovudgrunnen for dette er Golfstraumen – ei av verdast største undersjøiske elvar. Denne elva fører med seg varme og næringsstoffer over Atlanterhavet heilt frå det karibiske hav. Heile norskekysten frå Stad og nordover til Svalbard og Barentshavet nyt godt av denne livgivande havstraumen.

Med uro ser vi at dette økosystemet i dag er sett under sterkt press av dei klimaendringane vi registrerer på verdsbasis og i vårt nærrområde.

Ålesund Venstre plikter seg til å verne om dette maritime økosystemet ved å vere aktiv mot prøveboring på Mørøkysten og i liknande områder som Lofoten og Senja. Like så stille strenge krav til næringsaktivitet for å verne om korallar og miljøet i gyteområda.

Ålesund Venstre vil også vere synleg i kampen mot forureining som havstraumen fraktar med seg frå internasjonal forsøpling i tillegg til eiga forsøpling.

FN sitt berekraftsmål 14 , Liv under vatn: "Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling"

Det er verdshava – deira temperatur, kjemi, straumar og liv – som driv dei globale systema som gjer det muleg for menneske å leve på jorda. Regn, drikkevatt, veret, klimaet, mykje av maten vår og til og med lufta vi pustar inn er til sjuande og sist regulert av havet.

Marine næringar er viktige for å dekke aukande etterspørsel etter mat, energi og medisin i framtida. Slik byr havet også på muligheiter for nye arbeidsplassar og økonomisk vekst.

Vi treng å vere med på å tryggje mangfaldet vårt innan bevaring av både kulturlandskapet og dyre- og fuglelivet. Den nye, store kommune har eit stort mangfald og inneheld både kyst- og delvis innlandsklima. Vi skal vere ei sterk stemme inn mot å ta vare på og drifte vår natur og samarbeide med naturvernarar, friluftsråd og andre ideelle organisasjonar som viser initiativ inn mot godt vern av naturressursane våre. Vi vil arbeide for å leggje til rette at desse blir synlege i arbeidet sitt.

## **1.2 Utdanning**

FN –berekraftsmål 4:

- unge og vaksne med kompetanse, blant anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetting, anstendig arbeid og entreprenørskap.

- avskaffe kjønnsforskjellar i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.

## Barnehage

Barnehagen er staden små barn brukar mest tid utanfor familien. Barnehagen skal vere med på å gi ein god start på livet, både som sjølvstendige individ og i samvær og samspel med andre. Ein god barnehagedag vert leia av dyktige vaksne som inspirerer når dei kan, gir rom for leik når dei bør og trøystar når det trengs. Venstre vil ha fleire dyktige fagfolk i barnehagane for å skape en god oppvekst for fleire.

Venstre vil at kommunen ved opptak til barnehage skal prioritere at borna får plass i den barnehagen som ligg nærast der dei bur. Med kortast mogleg avstand til barnehage, vil fleire foreldre få høve til å reise meir miljøvenleg.

For mange familiar er det eit stort problem at retten til barnehageplass er knytt til kva dato barnet er fødd. Venstre ønskjer ei ordning med automatisk rett til barnehageplass frå den månaden barnet fyller eitt år.

- innføre fleire stillingskategoriar i barnehagane, for eksempel barnehagelektor, for å styrke både rekruttering og den forskingsbaserte barnehageverksemda
- Fleire/fleksibelt opptak i barnehagane.
- Innføre moderasjonsordning for låginntektsfamiliar for plass på barnehage og SFO.

## Grunnskule

Alle elevar har rett til eit læringsmiljø med vekt på god helse, trivsel og læring. Skulen har ansvar for at du opplever at du ikkje blir krenka av medelever eller lærer, at du får yte ditt beste i undervisinga og at du føler deg trygg når du er på skuleområdet. Om ikkje desse krava vert oppfylt, kan konsekvensane vere svekka meistringskjensle og motivasjon. Difor er det viktig for Venstre at vi tek vare på elevane i skulen gjennom god skulehelseteneste, dyktige lærarar og eit system som ser kvar enkelt elev. Det er mangfald i skulen og vi treng ein fleksibel skule for best mogleg å ta oss av alle elevane, også dei som slit med å finne seg til rette i skulen.

Vi trur også at lærarar underviser best når dei har rom til å bruke sin kompetanse og sitt engasjement på sin måte. Nyutdanna lærarar skal få vegleiing av sine kollegaer når dei treng det. Gode rammefaktorar kombinert med god og trygg klasseleiing er framleis det beste middelet vi har for å skape eit godt psyko-sosialt klassemiljø, og for å motverke mobbing.

- Tidleg innsats – barnehage og skule - fremme kunnskap og gi rom for innsats
- Redusere byråkratiet i skulen.
- Utvikle skulehelsetenesta : helsesjukepleiarar, psykiatrisk sjukepleiar og skulepsykolog
- Legge til rette for at alle born lærer å svømme.
- Betre rådgjevarteneste i skulen
- Vidareføre Ungt entreprenørskap
- tilrettelegge betre for leik og sjølvstyrt aktivitet i skulen og satse på vedlikehald og opprusting av leikeareal ute og inne
- ha styrka innsats for dei elevane som treng ekstra starthjelp og/eller forsterka skule,

- tidleg innsats for barn med behov for ekstra hjelp gjennom å styrke samarbeidet mellom dei som arbeider med barn og unge
- tilby ekstra år i grunnskuleutdanninga
- ha meir kollegavegleiing, spesielt av nyutdanna lærarar, som eit tiltak for å styrke lærarane som gode og trygge klasseleiarar
- gi skular høve til å søkje kommunen om å bli forsøksskular for alternative måtar å drive på – t.d. med varm skulemat, barnehagepedagogikk i småskulen, ekstra satsing på praktiske eller kreative arbeidsmåtar, seinare start på skuledagen, eller tidlegare undervising i andre framandspråk
- Digitalisering er eit viktig verkty som må utnyttast til å skape effektiv og kvalitativ god undervising

## **SFO**

Venstre meiner skuledagen er lang nok som den er. Skulefritidsordninga (SFO) skal ikkje vere ei utviding av den obligatoriske skuledagen, men eit frivillig supplement til skulen på line med andre fritidsaktivitetar. Alle barn bør få høve til å delta på SFO, og Venstre vil difor at SFO skal vere gratis for lavinntektsfamiliar. SFO-tilbodet i Ålesund skal kjenneteiknast av høg kvalitet på tilbodet og kompetente medarbeidarar, med god samhandling mellom skule og SFO.

SFO skal ha aktivitetar og eit innhald som er tilpassa barna ut frå alder, interesse og føresetnader. Venstre vil vidareutvikle dagens skulefritidsordning og tilby et bredt tilbod av aktivitetar innan kunst- og kultur, fysisk aktivitet og måltid.

- at SFO skal ha høg kvalitet, men framleis vere ein stad for sjølvstyrt og sjølvvald leik og anna aktivitet
- at SFO skal inkludere aktivitetar innanfor ernæring, fysisk aktivitet, kunst og kultur
- arbeide for å heve kvaliteten gjennom å auke kompetansen i SFO
- at SFO skal være gratis for lavinntektsfamilier

## **Barnehagar, skulestruktur og - bygg**

Barnehagar og skular skal driftast nærast der folk bur. Dette er eit viktig prinsipp for Venstre i arbeidet med ny kommune. For at alle skal ha gode læringsarenaer vil det vere naudsynt å sjå på den samla bygningsmassen i den nye kommunen. Det vil vere naudsynt med investeringar i neste periode. Bygd på behov og med omsyn til nye samferdselsløyser skal vi våge å prioritere.

- Vurdere status på eksisterande skulebygg med omsyn til behov for renovering og nybygg.
- Prioritering skjer basert på bygg- og skulefaglege vurderingar.

## **Utdanning**

Skulen må følgje samfunnsutviklinga, og lære elevane å jobbe digitalt, vere kritiske og tenke kreativt.

Alle skal ha høve til å finne og utvikle sitt talent, uavhengig av kva det er. Difor er det viktig at også den yrkesfaglege utdanninga held høg kvalitet og har same status som andre utdanningar. Det skal ikkje ha noko å seie om du blir mester eller tar master. Utdanninga skal vere like god uansett.

Venstre vil ha fokus på tidleg tiltak for å hindre fråfall i skulen.

Ålesund som ei leiande industrikommune treng at fleire folk vel yrkesfagleg utdanning. Då er det til lite hjelp at yrkesfaglinene har blitt dumpingplassar for skulelei ungdom. Venstre vil at det er interessene til eleven som skal avgjere kva line ein vel, og vil at rådgjevarane skal vektlegge lidenskap meir enn teoretisk dyktigheit i skulen.

### **Studentbyen Ålesund**

Studentane i Ålesund bidreg til å gjere sentrum levande og byen til ein attraktiv og meir spennande by. Venstre ønskjer å legge til rette for at fleire vel Ålesund både som studiestad, men og som ein stad å busette seg etter studietida.

Saman med studentsamskipnaden og staten har Ålesund kommune ei viktig rolle med å tilrettelegge for fleire studentbustader. Det vil kreve fleire studentboliger i sentrum, men også langs kollektivaksane.

Den såkalte SHOT-undersøkinga syner at 1 av 5 studentar sliter med psykisk helse. Ålesund kommune må i samarbeid med studentane i større grad synleggjere dei tilboda kommunen har for at fleire studentar nyttiggjer seg desse, samt arbeide for god psykologkapasitet.

Venstre vil:

- Vidareføre Ålesund kommune sin studentmelding og styrke rolla som universitet- og studentkommune. (<https://www.campusalesund.no/aktuelt/alesund-skal-bli-en-bedre-universitetsby/>)
- Tilby vidareutdanning for lærarar og barnehagelærarar.
- Utnytte/samarbeide med fagmiljø og akademia
- både tilby lærlingplassar og ha i kommunale anbodsdokument at vi etterspør bedrifter som faktisk er lærebedrifter og har lærlingar.
- tilbod til studentane – der er det kommunen som kan løyse – gode samarbeidsordningar med miljøet
- Nært samarbeid mellom næringsliv og ungdomsskular/vidaregåande skule /akademia. Fokus på yrkesskular og fagskular. Yrkesutdanning og fagbrev.
- Kontinuerleg / livslang læring - kven skal betale for kompetanseheving

### **1.3 Næringsliv**

For Venstre er det viktig å bidra til nyskaping og nye bedrifter i næringslivet. Kommunen bør ha ein aktiv næringspolitikk og støtte opp under nye og gamle næringsklynger i regionen, samt styrke tilbodet til nye bedrifter og gründerar.

Som den leiande motoren for næringslivet på Nord- Vestlandet har Ålesund og politikarane her også eit særskilt ansvar for å jobbe med regjering og Storting for å sikre gode vilkår for næringslivet i vest, samt å legge til rette for at flest mogleg av dei som satsar på eigen næring skal lukkast.

## **En marin og maritim næringskommune**

Sjømat og skipsfart er viktige næringer med mykje verdiskaping og mange arbeidsplassar. Kommunen må bidra til at marine og maritime næringer får tilgang på nok kompetent arbeidskraft. Politikerane har ei viktig rolle i å tilrettelegge og synleggjere næringane i samarbeid med andre offentlege aktørar og med næringslivet sjølv.

Atlanterhavsparken som nasjonalt akvarium og vitensenter. Ekte opplevingar i ekte omgjevnader, i eit av Europas mest unike akvarier. Naturen utanfor er tatt ufiltrert direkte inn i akvariet både når det gjeld fisk og fauna. Utandørs-bassenget for sel, med undervassobservatorium ga ein heilt ny måte å vise fram dyr på, integrert i den ekte nature, er eit utstillingsvindu for livet i havet langs norskekyste. Ålesund Venstre vil støtte arbeidet for å få på plass nasjonal status og etablering av eit vitensenter.

Den marine klynga på Sunnmøre er blant landets fremste på utvikling av marin teknologi- og næring. Nærleiken til rike marine ressursar kombinert med sterke tradisjonar innan fangst, foredling og eksport av sjømat gjer at regionen vår er godt eigna til vere marknadsleiande aktørar innan dei marine næringane. Bedrifter og tilsette arbeidar på Sunnmøre/Ålesund med å utvikle morgondagens kompetansebehov, løyse klima- og miljøutfordringar og skape ny teknologi for å utnytte dei marine ressursane betre. Her skjer det eit unikt samspel mellom forskarar, studentar, gründerar og næringsliv. Styrking av den marine klynga er avgjerande for at Ålesund og Sunnmøre skal vere spydspiss i marin utvikling i verda.

## **Samspel i utviklinga av havlandet.**

Ved å bla tilbake på historia vår kan vi sjå og fylgje det nære samarbeidet og dei samhandlingane som har vore i utviklinga av den maritime industriklynga på Mørekynten. No har vi kome inn i ei ny tid med omstilling og teknologiutvikling. Norsk Maritim Kompetansesenter og NTNU i Ålesund vil vere sentrale aktørar i den vidare utviklinga av det maritime kløsteret. Ålesund Venstre vil støtte oppunder dei høgteknologiske maritime miljøa for berekraftig utvikling. Midt i dette havlandet ligg Nordøyane med skjergarden utanfor. For å oppnå ei effektiv, rasjonell og berekraftig utvikling av havlandet er kommunikasjon og samferdsle i nye Ålesund ein avgjerande faktorar. Ålesund Venstre støttar utbygginga av Nordøyvegen.

## **Energi**

FN berekraftmål 7 "Sikre tilgang til pålitelig, bærekraftig og moderne energi til en overkommelig pris for alle"

Tilgang til energi står i sentrum av så nær som alle utfordringar og moglegheiter vi møter i dag. Det kan dreie seg om arbeid, tryggleik, klimaendringar, matproduksjon eller moglegheiter for auka inntekt.

Energi er den største bidragsytaren til klimaendringar, gjennom utslepp av CO2 og andre klimagassar, Løysinga er fornybar energi som vasskraft, vindkraft og solkraft. Fornybar energi er berekraftig.

## **Mørekynten har enorme moglegheiter.**

Havområdet eller havlandet rundt oss utgjer om lag 50% av arealet til nye Ålesund, og om lag 15% av kystlina i Møre og Romsdal. Dermed kviler det eit stort ansvar til nye Ålesund i forvaltninga av havlandet.

Moglegheitene til nye Ålesund er, på ein berekraftig måte, å vere aktiv på utviklinga av havområdet på fiskeri og foredling, oppdrett av laks, aure og andre fiskeartar.

Ålesund Venstre ønskjer også å vere i førarsetet med å legge tilhøva til rette for den nye store vekstnæringa som ligg i dyrking av tang og tare.

Geografisk har nye Ålesund eit stort potensiale i utviklinga av ny fornybar energi ved å nyttiggjere seg vindresursane på kysten. Ålesund Venstre vil vere ein pådrivar i denne utviklinga.

Ålesund Venstre ser også eit stort potensiale for utvikling av turisme i og omkring havlandet. Her vil Ålesund Venstre vere positiv til tilrettelegging av fritidsfiske og rekreasjon, men vil stille krav til den miljømessige utviklinga av turismen.

### **Ein attraktiv kommune for bedrifter og arbeidstakarar**

Det er stor konkurranse mellom byar og regionar om å trekke til seg verksemder og kompetent arbeidskraft. Ålesund skal vere ein attraktiv kommune å vere i, både for

eksisterande og nye bedrifter - og ein ettertrakta kommune for menneske å slå seg ned i.

Viktige tiltak er auka tilgang på næringsareal med smidig og effektiv sakshandsaming i regulerings saker. Bustadbygging, god kommunikasjon, gode kulturtilbod og eit høgt nivå på barnehagar og skular er også viktig for å gjere kommunen attraktiv.

Ålesund Venstre meiner det er viktig å legge til rette for å skape sin eigen arbeidsplass, og å skape arbeidsplassar for fleire. Vi treng også eit næringsliv som er raust og inkluderande. Kommunen må samarbeide tett med næringslivet om korleis vi skal lukkast. Vi må ta med lærdomen frå Haramsmodellen – Haram Nærings- og Innovasjonsforum og bygge vidare på desse erfaringane. I tillegg har vi tru på etablering av «inkubasjonsmiljø» der ulike krefter møtest med formål læring gjennom prototyping og testing, eksperimentering og mekking etter modell frå Bergen og Marineholmen Makerspace.

Det kan vere trongt om plassen for næringsdrivande i enkelte delar av kommunen. Samtidig finns det framleis stader der både areal, bygg og andre eigedomar som står tomme, som kunne vore brukt til å skape nye prosjekt og næringar. Dette kan være område som ligg brakk i påvente av utbyggingar eller branntomter. Det kan også vere lokalar som står tomme fordi dei i dag er vanskeleg lønnsame for kontinuerleg drift - men som kanskje kunne vore flotte i bruk som pop-up-lokale for mange næringar. Venstre ønskjer å tilrettelegge for at vi skal ta i bruk også dei areala som i dag står tomme på best mogleg måte.

- opne for midlertidig omdisponering av eigedom til næringsformål
- skape aktivitet i tomme sentrumslokalar og områder
- opne tomme kommunale bygg til gründeretablering og samlingslokaler for samhandling
- halde fram med å styrke den marine klynga i Ålesund/på Sunnmøre
- oppretthalde og auke støtte til etablererenester og nyskapingsparkar i kommunen
- bidra til arrangement og plassar for næringsliv og grundera å møtast
- tilrettelegge for at fleire næringar kan etablere klynger i Ålesund
- maskinverkstad / prototype forsøkslab til en lav kost.
- tilgjengeleg areal for utviding og nyetablering.
- utarbeide næringsstrategi for kommunen, og på sikt tilsette næringsssjef.
- legge til rette for næringsutvikling i heile regionen, ved å utnytte dei ulike områda sin styrke.
- bruke moglegheitene den teknologiske utviklinga gir industrien til å omstille seg til meir berekraftig ressursutnytting.
- opprette næringsfond for gründerar og bedrifter.
- ha i kommunale anbuds dokument at vi etterspør bedrifter som faktisk sysselset personar som treng tilrettelagt arbeid



## **Destinasjonen Ålesund**

Hotell, restaurant- og reiselivsnæring er blant dei viktigaste næringane i Ålesund. Venstre vil bidra til å vidareutvikle Ålesund som ein av Norges viktigaste reiselivsdestinasjonar, med eit større fokus på reiseliv basert på kultur, mat, drikke og opplevingar i tillegg til den meir tradisjonelle marknadsføringa av naturen. Venstre ønskjer å støtte og vidareutvikle denne næringa i samarbeid med bedriftene på ein måte som er berekraftig, og å utvikle Ålesund som turistdestinasjon.

Reiseliv er likevel mykje meir enn turisme. Konferanseverksemd og næringsretta transport utgjer store delar av besøkande til Ålesundsregionen. Det ligg eit stort potensial i tematisert reiseliv, med natur- og kultur som pilarar. Ålesundsregionen må profilere seg på grønt, berekraftig reiseliv og opplevingar.

## **Cruiseturisme**

Cruisenæringa tilfører viktig inntekt og god merksemd til Ålesund. Samtidig bidreg næringa i dag til både lokal og global forureining. Dette er utfordringar som kommunen må imøtekomme i samarbeid med næringa. Stille krav til omstilling i næringa» - Ålesund på vere pådrivar for å få etablert landstraum på aktuelle kaier.

### **Venstre vil:**

- sikre jamnare fordeling med omsyn til anløp av cruiseskip enn i dag
- stille krav til kloakkhandtering hos cruiseskipa, slik at denne kloakken ikkje vert dumpa i fjordane våre
- stille krav til drivstofftyper hos cruiseskipa som har anløp i Ålesund
- fokusere på tiltak som belønner miljøtiltak blant cruiseskip
- sørge for landstraum i hamner der det er stor trafikk med transport- og cruiseskip

## **1.4 Samferdsle / kommunikasjon**

Ålesund Venstre vil støtte alle samferdselstiltak som bidreg til effektivisering, er klimavennlege og er med på å trygge ferdsel for mjuke trafikantar.

For å få til ei planmessig utvikling er det viktig å fylgje overordna prioriteringar. Her inkludert det å utvikle ein arealpolitikk som bidreg til mindre transportbehov og kortare reiseavstand for folk som bur i regionen.

Samtidig ønskjer Venstre at Ålesund skal vere ein levande og attraktiv by med mindre utslepp av klimagassar, betre luftkvalitet og med mindre støy. Derfor er det viktig å styrke og bygge oppunder alle typar kollektivtilbod. Vidare er det også viktig å vere med på å motivere til omlegging frå fossilt drivstoff til elektrisk, hydrogen og andre lågutsleppsløysingar både på land og sjø. I særleg grad gjeld dette nyttetraffikken for godstransport.

Samarbeid er viktig for å nå nasjonale og internasjonale klimamål for reduksjon av klimagassar. Vi ønskjer difor at vår byregion skal inngå forpliktande byvekstavtale med Staten. For å nå fram med ei raskare utvikling må vi også godta spleiselag der bompengar er ein del av løysingane.

### **Vegprosjekt.**

Ålesund Venstre ser at det er behov for å styrke bu-, service- og arbeidsmarknadane ved å betre kommunikasjonane. Her må vi vere opne for nye vegprosjekt. I planarbeidet må likevel berekraft og klimaverknader vere vektlagd.

E39 gjennom Brusdalen er utfordrande i høve til drikkevasskjelda til Ålesund by. Ny vegtrasé frå Digernes til Storfjorden, med forgreining vidare mot Blindheim / Vegsund vil kunne redusere trafikken forbi Brusdalsvatnet. I tillegg vil det opne for at trafikken via FV 656 gjennom Glomsetbygda også kan reduserast, noko som vil gi høve til vidareutvikling av området frå Valle – Magerholm.

Realisering av Nordøyvegen vil opne for nye reisemønster. Ålesund Venstre ser det som viktig å oppretthalde ferjerute 32 som gir ytre / nordre del av kommunen god kommunikasjon mot Romsdal.

Ålesund Venstre ser også behovet for å betre dei trafikale utfordringane i Ålesund sentrum, og ønskjer at Brosundtunellen skal byggast. Tunellen er viktig både for miljøomsyn og for bevaring av Jugendbyen.

Drosjer er ein del av kollektivtilbodet, ikkje minst rundt om i bygdene. Det er viktig at distrikta ikkje mister drosjene pga. sentraliseringstankar. Denne næringa treng regulering for å fungere i bygdesamfunna.

Venstre vil arbeide for:

- Bybane /skyttelbuss inn til sentrum
- Parkering ved knutepunkt – park and ride
- Trygge parkeringsareal og vegar rundt skulane/barnehagane – kiss and ride
- Trygg skuleveg for alle, t.d. kryssing av fylkesvegar i samband med skulane
- Sykkelvegar som bind kommunedelane saman.
- Kollektivtilbod som kan knyte kommunedelane effektivt saman. Ekspresstilbod frå kommunedelsentra til sentrum, via Moa. Ekspresbussar som skjelettet med tilførselsruter til lokale knutepunkt.
- Flybuss Ørskog - Vigra via Ellingsøy
- Kartlegge effektar av Hamnsundsambandet
- E39 utanom Sjøholt sentrum, og bygge krabbefelt opp Ørskogfjellet.
- Børdalslina
- Storfjordsambandet
- Gratis / redusert takst passasjerbåt Ålesund – Langevåg
- Dersom det vert bygd 4-feltsveg, må det etablerast kollektivtrafikk-fil
- Forsterka belysning overgangsfelt
- Rydde busker /tre ved kryss /overgangar
- Auke bredda / ekstra felt inn mot rundkøyringar. Gjer det lettare å svinge til høgre.
- WIFI – gratis og ope
- Bygge ut infrastruktur for utsleppsfri og fornybar energi til alle skip, i alle hamner.
- Betre og billigare kollektivtilbod
- Innføre krav om sykkelparkering ved kollektivknutepunkt, sentrumsområde, skular og kommunale verksemdar.

### 1.5 Attraktiv by og tettstadar

Lokalsamfunn – Ved å gå i lag i ein ny kommune, er det viktig at vi fremjar eit nytt og sterkt fellesskap i heile den nye kommunen. Skilnadane mellom det urbane bymiljøet, ulike tettstadar og grender gir Ålesund kommune i styrke når vi skal utvikle eit attraktivt samfunn. Difor må vi bevarer mangfaldet

og identiteten til kvart enkelt lokalsamfunn. Vi treng at barn og unge får så gode oppvekstvilkår at dei seinare i livet velje å bu i dei lokalsamfunna dei kjenner og at dei kjenner seg heime i heile nye Ålesund kommune. Ålesund Venstre ønskjer å legge samfunnet til rette slik at unge skal oppleve at Ålesund kommune gir dei moglegheiter til å etablere eit liv med vekst, trivsel og kunnskap, og at dei ynskjer å vere ein del av dei lokalmiljøa vidare fordi vi klarer å skape gode vilkår for dei.

Fortettingspolitikken må definerast, både kvar vi ønskjer forteiing og korleis fortetting skal gjennomførast. Det er naturleg å fokusere på dei tettstadane og knutepunkta som er utpeika i intensjonsavtalen for nye Ålesund: Ålesund sentrum/Moa og tettstadane Skodje, Sjøholt, Brattvåg og Steinshamn skal utviklast som attraktive møteplassar for handel, kultur og service. Dei andre grendene i kommunen må ha høve til både fortetting og tilgang på større tomter for bustadar. Venstre meiner at vi må planlegge ut frå realistiske prognoser for folketalsvekst og ha faste politiske rammer som tek omsyn til bukvalitet, utfordringar og berekraftig utvikling.

Utbyggjarar må kunne forhalde seg til klare politiske rammer og føringar. Difor er det viktig at kommunestyret tør å fremme tydelege krav til kvalitet, fortetting og berekraftige løysingar i overordna kommuneplanar, og konkrete reguleringsplanar. Kommunedelane skal balansere arbeidsplassar og bustader.

Dette krev effektiv arealplanlegging som gir rom for lokal medverknad, og at nabolaga blir høyrte og sikra påverknad over prosjekta. Utbyggjarar må få insentiv til å bygge klokt og framtidsretta. Det krev også tettare samarbeid med nabokommunar, og regionale og statlege myndigheiter, for å sikre ei framtidsretta utvikling av transportløyisingar, og berekraftig bustadbygging.

Plan og bygningslova sikrar innbyggjar retten til å uttale og påverke reguleringsprosessar, for å sikre dette vil Venstre opne opp for dialogmøte mellom utbygger og representantar for gjeldande kommunedelar. Venstre ønskjer ein kritisk, konstruktiv og nytenkande debatt om by- og tettstadutvikling og arkitektur, og vil foreslå at det etablerast ein uavhengig innovasjonshub for arkitekturfeltet i Ålesund.

Venstre ønskjer ei eiga fagavdeling som skal ha ansvar for kulturminne og kulturlandskap. Ei viktig oppgåve vil vere å utarbeide kulturminneplan. Venstre ser at omsynet til Jugendbyen kan gjere det aktuelt å tilsetje byantikvar.

Venstre vil:

- Sikre verdifulle kulturminne og kulturlandskap. (Kulturminneplan for gamle Ålesund?)
- Legge sterkare vekt på barneperspektivet i by- og arealplanlegging, blant anna ved å bruke barnetråkkregistrering.
- Legge til rette for at turistane får eit godt opphald i kommunen vår, t.d. bør det vere tilgang på offentlege toalett.
- Kommunedelutval er ein viktig partner for å utvikle attraktivitet i alle delar av kommunen.

## **Kultur**

Vi satsar på kulturlivet, der er frivilligheita ein berebjelke. Vi vil arbeide for at desse får best mogleg vilkår for å drive sitt arbeid framover. Ved å stimulere til gode samarbeidsformer og gode ressursar til desse gruppene, kan vi få eit nødvendig samfunnsengasjement blant våre innbyggjarar. Inkludering og samarbeid på tvers av interessegrupper, geografiske/kulturelle tilbod og idrettsleg mangfald, vil vi

kunne skape tryggje oppvekstforhold for barn og unge og tryggje sosiale forhold for alle aldersgrupper. Vi må sørge for at «limet» som kulturen skapar i dei forskjellige delane av kommunen også blir ein berebjelke for samfunnsutviklinga.

Venstre vil arbeide for at det skal vere livssynsøytrale seremonirom i alle kommunedelane for at menneske som ikkje kan eller vil bruke kyrkjene har ein stad å halde til dømes gravferd. Slike verdige seremonirom kan brukast av alle.

For å skape attraktive og levande nærmiljø er det viktig å legge til rette for eit variert og balansert kulturtilbod i alle nabolag. Meiningsfulle aktivitetar gir god folkehelse.

Kulturpolitikken skal stimulere og motivere frie, skapande krefter – ikkje einsrette dei. Kultur skal bidra til demokrati og ytringsfridom. Kulturlivet, kunsten, media, organisasjonar og sivile fellesskap skal ikkje vere instrument for det offentlege. Dei skal utfordre, kritisere og utvikle samfunnet uavhengig av politiske mål. Eit mangfaldig og breitt kulturtilbod skaper dessutan større valfridom for den enkelte og er med på å bidra til betre livskvalitet.

- ha fleksible kulturbygg
- at byråkratiet skal tilpasse seg kulturens behov, ikkje omvendt
- ha rause og enkle støtteordningar
- stimulere og hjelpe fram kultur-gründerar som ein del av næringspolitikken

Kultursektoren er ein bidragsytar til vidare utvikling av Ålesundsregionen som ein sterk, konkurransedyktig region. Kultursektoren generer arbeidsplassar og Venstre vil stimulere og støtte opp om lokale kulturelle hjørnesteinsbedrifter som også setter Ålesund og Sunnmøre på kartet som en attraktiv kulturregion for både profesjonelle og amatørar.

For barn og unge er kultur viktig, ikkje berre for utvikling av nye talent, men også som ein verdi i seg sjølv for god livskvalitet og positiv eigenutvikling. Kulturtilboda skal være tilgjengelege for alle og av høg kvalitet. Mange kulturtilbod for barn og unge er drivne av eldsjeler både i det frivillige organisasjonslivet og det private næringsliv. Desse gjer ein uvurderleg jobb i å skape både kvalitet og kulturinteresse i oppveksten. Venstre ønskjer å legge til rette for at desse tilboda skal bestå og utvikle seg.

Idrett er sosial aktivitet, dugnad, konkurranse og folkehelse. Det er eit mål at fleire deltek i både organisert og uorganisert aktivitet. Alle som ønskjer å drive idrett og fysisk aktivitet i Ålesund må få høve til dette. Venstre vil å sikre gode forhold for breiddeidrett og legge til rette for at det skal vere enkelt for alle å delta på både organiserte og uorganiserte aktivitetar.

Kulturskulen er for mange unge inngangen til eit liv med kulturengasjement innan musikk, dans, teater og visuelle kunstfag. Venstre vil styrke kulturskulen slik at alle barn og unge som ønskjer det får plass, og til ein overkommeleg pris.

Aktive kulturhus med alternative driftsformer som kan gjere at lag og organisasjonar kan nytte desse gratis også til aktivitetar for dei over 18 år, gjennom t.d. samarbeid med næringslivet som sponsorar.

- at alle barn og unge skal ha moglegheita til å gå på kulturskulen
- gi barn og unge høve til å skape eigne kulturtilbod ved å gi tilgang til gode øvingslokale og scener, og helst i nærleiken av der dei bur eller går på skule
- Koordinator – oversikt og betre informasjon om ulike aktivitetstilbod for ungdom
- sikre at private og frivillige kulturorganisasjonar mottek støtte på eit nivå som stimulerer til utvikling

- sikre lag og organisasjonar tilgang til gratis lokale
- Kartlegge og utnytte «ledige» lokalar – til øving/treningsarena
- Behalde Ålesund strykekvartett
- styrke felles identitet som del av Ålesunds-regionen – fremme viktige kulturberarar

Ålesund er eit gravitasjonssenter for regionen. Difor er det viktig at Ålesund representerer regionen på ein god måte, og samtidig tek vare på sin eigenart. Venstre ønskjer at Ålesund skal fremme språkleg mangfald, forståing og toleranse.

#### **Venstre vil:**

- at Ålesund kommune aktivt skal fremme språkleg mangfald og toleranse
- at dialekt bør ivaretakast i offentleg skilting og stadnamn

#### **Friluftsliv**

For Venstre er det viktig å sikre trivelege, grønne bumiljø og å tilrettelegge for eit sunt friluftsliv. FNs berekraftmål for 2030 slår også fast at vi har eit ansvar for å sikre allmenn tilgang til trygge, inkluderande og lett tilgjengelege grøntområde og offentlege rom, særleg for barn og eldre, samt personar med nedsett funksjonsevne.

I Ålesund finns det mange grønne lungar, fjell, i tillegg til fjord, vatn og elver. Venstre ønskjer i størst mogleg grad å bevare desse, og arbeide for at dei vert tilgjengelege for alle.

Parklivet er noko av det som gjer byen til ein attraktiv stad å bu. Miljøgater og turvegar rundt om i den vidstrakte kommunen har same kvalitetar for bygdene. Vi ønskjer å sikre fleire sitteplassar, trygge grill- og leikeplassar i tilknytning til desse. Nye byggeprosjekt må ivareta behovet for grønne uteområde.

Tilgang til vatn, elvar, badeplassar og sjøfronten må sikrast.

- tilgang til sjø, vatn og fjell.
- Tilrettelegging: parkering og toalett mm. på utfartsstader.
- Slå eit slag for kortreist friluftsliv. Tilgjengeleg utstyr til utlån/utleige gjennom samarbeid med Friluftsrådet og ÅST.
- Kommunale sykklar til utlån

#### **Bibliotek**

Biblioteka fremjar leselyst og kunnskapshunger, og fungerer som samlingspunkt for folk i alle aldrar. Venstre meiner at biblioteka må forsterke si satsing på internasjonalisering, både som multikulturell møteplass og gjennom innkjøp av bøker og digitale media.

Biblioteka er ein eigna lågterskel-møteplass, godt eigna til integrering, nettverksbygging tufta på gjensidig respekt og nyfikne for å lære av kvarandre. Ålesund bør prøve ut frivillig fadderordning «lån ein innfødd» til å hjelpe innflyttarar til å bli kjend, miljøskaping gjennom å invitere til temakvelder med mat og kultur frå ulike innbyggjargrupper.

Biblioteka som læringsarena er viktig for å utvikle leselyst, i samarbeid med skulane.

Biblioteka er også gode arenaer for kulturkafear og debattar.

**Venstre vil:**

- styrke løyvingane til biblioteka
- oppretthalde dei biblioteka vi har i dag
- styrke og utvikle biblioteka som formidlingsarena, uavhengig debattarena og integreringsarena.
- lage ei forsøksordning med aktive og meiropane bibliotek

### **1.6 Velferd/ Helse og omsorg**

Ålesund skal ha desentraliserte kvardagstenester innan omsorg.

Eit godt helse- og sosialtilbod er ein viktig føresetnad for at kommunens innbyggjarar skal få eit godt liv. Den enkelte skal i størst mogleg grad få vere sjef i eige liv, også når du har behov for tenester. Brukarmedverknad ein viktig nøkkel til korleis vi skal lukkast med å legge til rette for gode og målretta tenester. Kommune si viktigaste oppgåve er å skape tryggleik gjennom dei teneste som vi tilbyr. Gjennom ulike hjelpetiltak skal innbyggjarane kjenne tryggleik og kvardagsmeistring. Både følgjetenester, vaktmeistertenester og velferdsteknologi er viktige tiltak. Koordinerte og samanhengande tenester, der heile mennesket vert sett, skaper trygge rammer. Helsefremjande innsats finn stad mange andre stader enn i helsetenesta. Frisk luft, aktivitet og deltaking er viktige helsefaktorar.

#### **Førebygging og primærhelseteneste**

Førebygging er aktivitet som må skje frå vogge til grav. Mangel på fysisk aktivitet, trygge livsvilkår og deltaking kan redusere liv og helse. Ikkje minst er psykisk uhelse eit folkehelseproblem. Å sikre lavterskel helsehjelp og førebyggingsarbeid i ulike livsfasar og livssituasjonar er ei prioritert oppgåve. Venstre ønskjer å legge til rette for at alle skal få vere aktive heile livet.

**Venstre vil:**

- ha fokus på førebygging
- styrke helsestasjonane som kompetansemiljø
- sikre lavterskel psykisk helsehjelp for alle aldersgrupper, både barn, unge, vaksne og eldre.
- sikre ei god jordmorteneste som gir mor, far og barn ein god start. Også LHBTI-familiar skal bli møtt på ein god måte.
- Styrke rehabiliteringstilbodet som inneber ei satsing på sjukepleie, fysio- og ergoterapi.
- Hjelpeapparatet må ha tilstrekkelege ressursar og god samhandling.
- Ha tilbod på alle nivå i omsorgstrappa
- Ta i bruk velferdsteknologi – som gir tryggleik og høve til kvardagsmeistring i eigen heim

#### **Psykisk helse**

God psykisk helse er ein av grunnsteinane for å leve eit godt liv. Innan inkluderingspolitikken er vi

opptekne av både norskopplæring for å kunne delta i lokalsamfunnet, og av at kriesentera skal ha fleirkulturell kompetanse. Vi er opptekne av at rusavhengige skal få tilpassa tilbod i eldreomsorga, og av å ha lågterskel psykologtilbod inn i helsestasjon for ungdom. Også politikk som omhandlar leik, friluftsliv, kultur og idrett påverkar den psykiske helsa. Difor er det viktig at vi arbeider tverrfagleg mellom dei ulike avdelingane og faga for å skape betre samhandling om psykisk helse. Venstre vil styrke samarbeidet mellom dei ulike nivåa i behandlingsapparatet, og styrke innsatsen innan barne- og ungdomspsykiatrien.

**Venstre vil:**

- jobbe for meir tverrfagleg samarbeid om psykisk helse mellom dei ulike fagavdelingane
- bidra til meir «frisk liv»- arbeid, for eksempel rådgiving og treningstilbod for utsette grupper
- styrke innsatsen innan barne- og ungdomspsykiatri
- vurdere å opprette eit døgnoppe kriesenter for unge

**Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)**

Retten til å leve eit godt liv der du sjølv har høve til å påverke eigen kvardag er avgjerande for Venstre. Difor treng vi gode tenester for menneske med psykiske eller fysiske funksjonshemmingar, og brukarstyrt personleg assistanse må styrkast.

**Venstre vil:**

- styrke ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- arbeide for å endre helsetenestelova slik at BPA i større grad kan bli ei brukarstyrt teneste

**Fleire i jobb og reduksjon av barnefattigdom**

- Den beste måten å nedkjempe barnefattigdom er gjennom å få flest mogleg av foreldra som kan, i arbeid og målretta tiltak som reduserer ulikskap mellom barna sin tilgang til aktivitetar.
- NAV kontora bør ha ressursar nok til å gi god individuell oppfølging av alle som treng hjelp til å finne arbeid, blant anna gjennom fleire tilpassa kvalifiseringsprogram. NAV sine tenester må også vere lett tilgjengelege og forståelege. Difor bør digitaliseringa av NAV fortsette og det bør tilretteleggast for at tilsette i NAV i større grad kan hjelpe folk der folk er, ikkje berre primært på eit kontor.

**Bustadlause, helsehjelp for papirlause og tiggjarar**

- Ålesund skal vere ein varm og inkluderande by og kommune. Alle menneske skal ha rett på eit forsvarleg bu- og helsetilbod uansett bakgrunn. Difor vil Venstre samarbeide med m.a. Kirkens Bymisjon og Frelsesarmeen om å tilby sanitær- og overnattingstilbod for bustadlause og tiggjarar i Ålesund. Kommunen skal også vere ein samarbeidspartnar med frivillige for å sørge for at papirlause innvandrara har grunnleggjande og naudsynt helsehjelp, og å gi tilskot til dette formålet.

**Eldreomsorg**

Retten til å bestemme i eigen kvardag gjeld uavhengig av alder, og eldre som ønskjer og kan bu heime med tilpassing i bustaden skal ha høve til det.

Innan den heimebaserte omsorga er det nå i fleire byer under utprøving eit system der detaljerte enkeltvedtak blir erstatta med vedtak som blir fatta nærare pasienten. Venstre er positiv til denne måten å tenke på, men det viktigaste er at tenesta har nok kapasitet. Alle må få naudsynt pleie og omsorg når dei treng det. Venstre er positiv til eit fleiraktørsystem der brukaren kan velje mellom fleire tilbydarar, både kommunale og private.

For dei som har behov for sjukeheim skal dei vere trygg på at dei får god hjelp og verdig omsorg. Sjukeheimar i Ålesund skal ha nok akutt plassar slik at menneske som treng sjukeheims plass slepp å stå i kø. Venstre er positiv til å prøve ut nye løysingar og vi meiner at framtidens sjukeheimsbehov bør løysast gjennom fleksible løysingar. I framtida vil det vere eit større mangfald av pasientar med ulike livssyn ved sjukeheimane.

I dag vert det gjort for lite for å få tenestene til å spele på lag med dei pårørande, sjølv om alle ser det som ønskjeleg. Brukarmedverknad, der også dei pårørande vert tekne med, er viktig for å kunne få til god samhandling. Venstre meiner at det her må leggest inn prosjektmidlar samt lagast ein eigen plan knytt til dette.

Venstre vil:

- Ha ernæringsfagleg kompetanse og opne kjøkken på institusjonane i kommunen
- at eldre som treng hjelp i kvardagen kan bli buande heime
- tilby dagsenterplassar for eldre som bur heime, men som har stort omsorgsbehov
- sikre nok akutt plassar i eldreomsorga
- godt tilbod med menneske med demens og deira pårørande
- lage ein eigen pårørandeplan

### **Rusomsorg**

Kvar enkelt rusavhengig må sjåast som det mennesket han eller ho er – og bli møtt med tiltak som passar for situasjonen vedkomande er i. Både rusfriheit og skadereduksjon er viktige mål. Ålesund Venstre vil etablere eit brukarrom i Ålesund sentrum, her blir det også moglegheit for brukarar å få reint og trygt brukarutstyr.

- målretta innsats innan rus/psykiatri og barnevernet.
- Kommunen skal bruke midlane gjennom opptrappingsplanen for rusfeltet til rusomsorg.
- styrke lågterskel arbeidstiltak
- sikre et krisesentertilbod til menneske i aktiv rus
- Kommunen skal gi ei fagleg forsvarleg reetablering i kommunen i etterkant av behandling, også ved å tilby eigna bustad

### **1.7 Miljø**

Bruk av fornybar energi kan gi store klima- og økonomigevinster lokalt. Norge har kome langt på området og kan bli ein leiande aktør på grøen energi ved hjelp av kommunale fornybarprosjekter. Det bør vere mest mogleg attraktivt å starte opp produksjon av fornybar energi - både på individnivå og for bedrifter.

Eit viktig tiltak for å redusere avfall og unødvendig produksjon er å ta vare på dei ressursane vi har og bruke dei på nytt. Mange kjøper ting for å bruke dei ein eller få gonger for og så kaste dei eller la dei stå i ei bod. Å innføre lokale tiltak for gjenbruk kostar lite pengar, men betyr mykje for klima og miljø.



Arealplanlegging er kanskje det viktigaste politikkområdet for den lokale klima- og miljøpolitikken. God arealplanlegging er eit kinderegg. Det kan bidra til å motverke auka biltrafikk gjennom å sørge for at nye bustader blir bygd der det er eit god kollektivtilbod og gode sykkelveggar. Det kan legge til rette for fleire sykkelveggar, og dessutan er det viktig for å bevare naturmangfaldet i kommunen.

- Investeringar må skje innanfor omsynet til berekraft
- Krav til type motor på fartøy som trafikkerer kystsona vår.
- Tilrettelegging for vindkraft i kommunal og privat regi.
- Vurder å opprette gjenvinningsstasjonar i fleire kommunedelar
- Føre meir kollektivtransport innom lokale knutepunkt
- Installering av solfangeranlegg for å varme opp varmtvatn i offentlege bygg, eller for eksempel under asfaltdekke.
- Stille krav om fornybar energi ved nybygg.
- Ny kommuneplan for klima og energi i samsvar med 40 % målet for utsleppskutt i Paris-avtalen, kanskje saman med andre kommunar i regi av Sunnmøre Regionråd.
- Sørge for at alle nye kommunale køyretøy skal være låg- eller nullutsleppskøyretøy.
- Kollektive køyretøy bør over på låg- eller nullutslepp
- Legge til rette for at det vert utbygd/ tilgjenge av hurtig- ladestasjonar i alle delar av kommunen
- Sørge for at miljøgifter ikkje slepp ut i naturen
- Sikre at gamle miljøgiftutslepp kartleggast og ryddast opp i.
- Gjennomføre årlege ryddeaksjonar på strender og i andre naturområde.
- Alle nye offentlege bygg skal være energinøytrale eller –positive.
- Jobbe for å fjerne svartelista arter som finns lokalt og for å ivareta raudlista arter.
- Reinse forureina elvar og kystområde.
- Sørge for at myrreal ikkje blir omgjort til anna arealbruk
- Bruke Bærum- standard med 80% av alle innkjøp med miljø som kriterium så lenge det ikkje er meir enn 10% dyrare enn alternativet.
- Innsamling av plast – strandrydding- heilårsdrift – samarbeid med ÅRIM og Friluftsrådet
- Forbod mot heliumballong
- Forbod mot levande dyr i sirkus
- Vurdere å måle luftforureining – Moa, bysentrum /Lerstad og andre område

## 1.8 Mangfald

Raust, tolerant, inkluderande samfunn.

Venstre ønskjer at alle menneske skal møtast på ein god måte i alle livsfasar og livssituasjonar. Venstre ønskjer å jobbe for meir kunnskapsinnhenting om temaet mangfald, med relevante tiltak som mål.

Menneske som er på flukt skal finne Ålesund som ei trygg hamn. Ålesund bør busetje minst like mange flyktningar som vi blir oppmoda om. Barn som er på flukt utan foreldra sine er særleg sårbare, og Ålesund kommune bør ta eit særskilt ansvar for einslege mindreårige asylsøkjjarar. At menneske blir drive på flukt er ei internasjonal utfordring, men god integrering er eit lokalt ansvar. Dette er eit ansvar Ålesund både kan og vil ta. Det ligg enorme moglegheiter i at verda kjem tettare på oss. Eit meir mangfaldig Ålesund er eit betre Ålesund. Ålesund har alle føresetnader for å ope kunne diskutere og handtere utfordringar som kjem med eit interkulturelt bysamfunn.

Innvandrarar er ein berikelse for det norske samfunnet. Dei fleste innvandrarar og deira barn er godt inkludert. Likevel står altfor mange innvandrarar utanfor viktige delar av fellesskapet og vert utsette for diskriminering. Integrering er eit av Venstre sine satsingsområde – til gode for Ålesund sine borgarar, for næringslivet og for innvandrarane sjølv.

FNs berekraftmål ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samheng, og er universelle mål som representerer eit globalt vegkart for alle land. Tre viktige mål er å utrydde fattigdom, redusere ulikskap og gi alle høve til ei god utdanning. Måla er universelle og skal legge føringar for politikk, også lokalt.

Integrering er eit gjensidig ansvar og ein gjensidig prosess, som krev respekt og stiller krav til begge partar. Ålesund skal vere ein fleirkulturell liberal by/kommune. Vi skal ikkje akseptere intoleranse, undertrykking eller manglande respekt for lova. Samfunnet må stille krav om at dei som ønsker å busette seg i Norge gjer sitt beste for å tileigne seg gode norskkunnskapar.

Tilknytning til arbeidslivet og god språkopplæring er dei viktigaste enkeltfaktorane for god inkludering. Introduksjonsprogrammet for nykomne flyktingar må settast i stand til å auke delen deltakarar som er i arbeid eller utdanning, inkludert grunnskule etter programslutt. Mange innvandrarar skaper sine egne arbeidsplassar. Venstre vil stimulere til at innvandrarar kan starte opp egne firma/nyetableringar gjennom Innovasjon Norge.

### **Bidra til integreringsdugnaden**

Regjeringa har peika på tre grupper som har spesielle utfordringar med å kome inn i arbeidslivet: Menneske med nedsett funksjonsevne, ungdom utan fullført utdanning og enkelte innvandrarar.

Det trengs eit mangfald av løysningar og modellar for å lykkast med å løfte desse gruppene inn i arbeidslivet. Dei må utviklast lokalt ut frå lokale forhold. Ålesund kommune skal spele ei avgjerande rolle i å nå målet om å få fleire i arbeid.

- For å sikre best mogleg integrering må kommunal busetting av flyktingar skje i alle deler av kommunen.
- Sørge for at både kommunen sin eigen BPA-ordning og alle BPA-konsesjonar er i tråd med intensjonen i lova, inkludert moglegheita til å reise ut av kommunen.
- Sikre at nærskulen er eit reelt alternativ for alle barn. Individuelt tilpassa opplæring skal skje i klassemiljøet.
- Gi tilbod om kombinasjonsklasser for å hindre fråfall av fleirspråklege elevar. I kombinasjonsklasser får elevane meir grunnskuleopplæring, samtidig som dei førebuast på kva som forventast i den vidaregåande skulen.
- Venstre vil samarbeide med partane i arbeidslivet om mangfaldsarbeid, tilgang til praksisplassar og rekruttering av innvandrarar. Kommunen skal gå føre med eit godt eksempel.

### **1.9 Demokrati, openheit og økonomisk styring**

Demokrati og fridom kan aldri takast som ei sjølvfølgje, men må kjempast for på nytt og på nytt. Dette er folket og politikarane sitt ansvar. Samfunnsinstitusjonar må garantere for rettferdigheit og

rettssikkerheit. Dei skal motvirke maktmisbruk, overgrep og undertrykking – alle stader og på alle nivå.

### **Fornyng av lokaldemokrati**

Venstre meiner at alle avgjerder bør takast på eit nivå nærast mogleg dei det gjeld. Dei fleste saksfelt i Ålesund bør sjåast heilskapleg på av kommunestyret. Det gjeld ikkje minst kommunens økonomi og overordna planar. Enkelte andre avgjerder bør derimot kunne delegerast til kommunedelutval. Venstre ser det som viktig å finne ei eigna form for samhandling som kan bidra til auka lokal demokratisk deltaking. Det vert ei vesentleg oppgåve å sikre at kommunedelutvala opplever å ha reell medverknad og fullmakter som gjer dei til meir enn sandpåstrøingsorgan.

### **Venstre vil:**

- at Ålesund skal vere ei forsøkskommune for røysterett for 16 åringar
- ha eit særleg fokus på informasjonsaktivitet og tilrettelegging for bruk av røysterett for særleg sårbare grupper
- Skape eit demokrati som alle synest det er verdt å delta i.
- Sikre rettstryggleik og verdigheit i alle tenestene.
- Sikre open og gjennomsiktig sakshandsaming med høg etisk standard.
- Utvikle ordningar for å styrke deltaking ved val og medverknad mellom val. høyre innbyggjarar, næringsliv og frivillige organisasjonar før politisk handsaming i fleire saker enn i dag
- at komité-, formannskaps- og kommunestyremøte skal overførast på nett
- gjere all kommunal informasjon tilgjengeleg og lett søkbar på kommunens nettsider

### **Kommunen som arbeidsgjevar og kunde**

Ålesund er ein stor innkjøpar av varer og tenester i regionen. Difor er det viktig at kommunen rettar innkjøpa sine på ein måte som er berekraftig, miljøvenleg og som stimulerer og utviklar lokalt næringsliv. Ved å ta aktive val både i småinnkjøp, og ved å stille krav i anbudsrundane kan Ålesund bidra positivt berre ved å gjere dei innkjøpa kommunen allereie gjer.

Også som arbeidsgjevar kan kommunen gjere ein forskjell. Ved i størst mogleg grad å tilby fleksitid og liknande ordningar til sinetilsette, kan kommunen bidra til å minimere køkøyring og rush. Som ein stor arbeidsgjevar må kommunen også prioritere å tilsette lærlingar og vere open for kvalifiserte arbeidssøkjjarar som av ulike grunnar har falle ut av arbeidslivet.

### **Venstre vil:**

- vekte lokal tilhøyrsløse for bedrifter tyngre i kommunale anbudsrundar
- gjere ei større vekting av at arbeidsgjevar driv berekraftig og miljøvenleg i kommunale anbudsrundar
- ha ein tilsettingspolitikk som både gir plass for nye krefter og idear, og tek vare på erfaring
- vurdere å innføre anonyme jobbsøknader for kommunale stillingar, for å sikre like moglegheiter for alle
- i størst mogleg grad innføre fleksitidsordningar for kommunalt tilsette

### **Trygg økonomistyring**

Ein sunn kommuneøkonomi er avgjerande for at kommunen kan utføre dei tenestene innbyggjarane er avhengige av, og for å kunne satse på tiltak som gjer byen/kommunen grønar og attraktiv.

Ålesund er ein stor kommune som på mange vis er ganske robust. Det er samtidig grunn til å peike på at vi er sårbare for svingingar i oljeindustri, "hjerneflukt" og at vi også må vere obs på utfordringar knytt til demografi.

### **Openheit**

Openheit i forvaltninga og i politiske prosessar er avgjerande for tilliten mellom innbyggjarane og deira valde politikarar. Det bør difor opprettast eit eige lobbyregister for møter med formål å påverke politikarar i ei sak. Alle gåver som tilsette og politikarar i Ålesund kommune tek imot, med ein verdi over 500 kr skal dokumenterast, og takkast nei til dersom verdien overstig kr 2000.

I politiske saker er det viktig at eventuelle forskjell mellom faglege og politiske standpunkt blir tydeleggjort. Difor vil Venstre offentleggjere fagnotat frå etatane det augeblikket det vert oversendt politiske organ.

Streaming av kommunestyremøte er viktig for at alle kan følgje med på debattar og avgjersler som vert tekne av kommunen sitt øvste organ. Dette bør halde fram, men også utvidast til å gjelde komitémøte i forkant der mange av debattane vert tekne. Alle møter som er tilgjengelege via stream skal også døvetolkast.

### **Venstre vil:**

- opprette eit eige lobbyregister
- at fagnotat blir offentleg når det skal oversendast politiske organ
- streame kommunestyremøta, og utvide dette til komitémøte i forkant.